

# PRESENTASJON AV SKULEN

*Vi er veldig glade for å kunne tilby deg plass på Sygna. Nå håper vi du vil svare ja til tilbudet, og kome til Balestrand for eitt eller fleire år. Her kan du lese litt meir om Balestrand og Sygna.*



## Litt om Balestrand

Balestrand er ei lita og koseleg bygd i ein kommune med ca. 1300 innbyggjarar. Elevar og personale på Sygna utgjer difor ein stor del av befolkninga. Les meir om kommunen og tilboda deira på nettsida [www.balestrand.kommune.no](http://www.balestrand.kommune.no)

Som du kanskje har sett i informasjonsbrosjyren eller på nettsida til Sygna, ligg skulen flott til oppi fjellsida med utsikt over Sognefjorden. Sentrum i bygda ligg eit kvartars gange frå skuleområdet.



Vi har god kommunikasjon til austlandet med ekspressbussar frå Balestrand til Oslo, både via Fagernes og Gol, og til Bergen går det dagleg ekspressbåt og buss. I tillegg er det flyplass både i Førde og Sogndal. Begge desse ligg ca. 1.5 timars reise frå Balestrand. Før feriar organiserer vi fellesbuss frå Sygna til Bergen. Denne er i Bergen så tidleg at ein kan nå buss vidare til Stavanger.

## Butilhøve på Sygna

Ca. 150 av dei 170 elevane bur på skulen sine internat. Vi har åtte internat. Seks av internata har plass til 20 elevar kvar. Av desse 20 elevane bur 4 stk. på dobbeltrom med eige bad. Resten bur på dublettar, dvs. enkeltrom der to og to deler bad.




Dublettromma blir oftast nytta til elevar på Vg2 og Vg3. Dei to siste internata har 14 enkeltrom kvar. Det eine av desse har bad til kvart rom, medan elevane på det andre deler felles dusj- og toalett. Alle internata har felles opphaldsrom og vaskerom.

Dersom du ønskjer å del rom eller dublett med ein bestemt person, eller ønskjer å endre romønskje utover det du har kryssa av for på søknadsskjemaet, kan du gje oss denne informasjonen seinast 21. juli på eit skjema du finn som link under «Informasjon» og «Bli elev» på nettsida til Sygna. Romfordelinga for nye elevar skjer tidleg i august. Vi kan ikkje garantere at du får ønskje ditt oppfylt, men vi vil gjere så godt vi kan.

## Fritidsaktivitetar

Kva driv ein så med på Sygna når ein ikkje er på skulen, jobbar med innlevering eller tek siste rest på matteinnføringa? Mykje av tida går for dei fleste til det sosiale livet på internatromma. Her får ein gode vener, løyser verdsproblema, eller pratar fortruleg om gleder og sorger. Sygna har trådløst nettverk over heile området, slik at du også kan halde god kontakt til familie og vener utafør skulen.



Elles kan det gjere godt med litt fysisk aktivitet, difor er det mange som nyttar seg av idrettstilboda på skulen og elles i bygda. Det kan vere alt frå vektløfting på treningsrommet, til fotball, frisbee-golf og sandvolleyball. I tillegg har vi ei flott fotballbane med kunstgras og ein idrettshall som næraste nabo til skulen. Kvar fredag ettermiddag samlast mange av elevane til KRIK i idrettshallen.



Området rundt Sygna eignar seg svært godt til turgåing, med oppmerka løyper. Når vinteren kjem vert dette skiløyper, som eignar seg til både bortover- og nedoverkøyning. Ein kort køyretur frå Sygna kan du nytte deg av større skianlegg.

Det skjer noko kvar helg på Sygna. Vi startar med kafè og «fredagssprell». Mange av arrangementa på laurdagskveldane er det russekullet som står for, som til dømes russerevy og nattcup, I tillegg har vi heimekveldar hjå personalet, julefest og mykje anna.

3-4 veker i året har vi møteveker. Då har vi besøk av ein talar og alle som ønskjer det kan delta på kveldsmøta. Elles har vi også faste torsdagsmøter der dei elevane som ønskjer det kan vere med i ulike møteteam. Bibelgruppene, som mange vel å vere med i, gir også mange fine og lærerike kveldar rundt om i heimane til personalet.

Dette var eit forsøk på å formidle litt om det daglege fritidslivet på og rundt skulen. Kanskje det verkar travelt, men hugs at alt er frivillig. Du bestemmer sjølv i kva grad du ønskjer å delta.



## Skuleruta

Skuleruta for skuleåret 2017/2018 finn du allereie på Sygna si nettside. Vi vil spesielt nemne at det gjennom skuleåret vert lagt inn 2 foreldredagar på laurdagar og ein skuledag knytt til opningslaurdagen 19. august. Allereie søndag i opninghelga reiser Vg1 på Samanristingstur til ein leirstad i nærleiken.

Vi vil også gjere merksam på at det er langfri for elevane i november (2.-3. nov.). Denne langhelga i oktober må alle elevane reise heim eller besøkje andre. Grunnen til dette er at alle tilsette på Sygna skal delta på kurs desse dagane.

I tillegg er onsdag 1. november "Aksjon skuleprosjekt", der elevane kan arbeide ein dag til inntekt for russen sitt misjonsprosjekt. Ein kan også arbeide ein annan dag i langhelga for å nytte måndagen som reisedag attende til Sygna. Dersom ein ikkje ønskjer å delta på aksjon skuleprosjekt, er denne dagen vanleg skuledag.



## Har du spørsmål?

Framleis sit du nok med mange spørsmål. Kanskje ville du vite meir om reisemåtar til heimplassen din, romma, maten osv.? Då kan det vere lurt å ta kontakt med skulen, slik at vi kan formidle namn og telefonnummer til elevar frå fylket ditt som du kan snakke med.

Sjølvsagt er du også hjarteleg velkommen til å ta kontakt med oss i personalet direkte på telefon 57 69 45 00.

Vi viser også til heimesida vår på internett: [www.sygna.no](http://www.sygna.no). Her finn du ei eiga mappe under "Informasjon" som heiter "Bli elev". I denne mappa legg vi all informasjon etter kvart som vi sender dette ut i brev.

Sygna har eiga facebookside som du finn under «Sygna vgs». Vi vil også opprette ei facebookgruppe for alle som vert Sygna 2017/18. Dette får du vite meir om i mai. På instagram finn du oss under «@sygnavgs».

Du vil no ikkje høyre frå oss igjen før vi i mai/juni sender ut eit sommarbrev. I dette brevet vil du få oppdaterte opplysningar om alt du treng å vite til skulestart. Vonar vi ser deg til hausten, du er hjarteleg velkommen!

## Med helsing

Joakim Hector  
rektor

